

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 124

Kjem ut
kvar månad

Februar 1941

Utgjevar og redaktør:
Prost Slaattelið
Davik

12. årg.

Vår Bibel.

Takk, Herre, for din bibelbok,
som du oss gav i nåde!
Hvor er den rik på visdom dog,
og løser mangen gâte.
Hvor vitner den fra først til sist
om dine store under,
om nådens dyp, hvorover hist
selv englers tanker grunder.

Hvor lærer den oss godt din vei,
og leder godt vår tanke,
at på vår pilgrimsvandring ei
den bort fra dig skal vanke.
Hvor trøster den oss godt i strid
og stiller oss for øie
den fryd som etter kampens tid
oss venter i det høie.

Så hjelp mig da, o Helligånd!
Den skrift som ved din nåde,
profeters og apostlers hånd
oppdaget oss til både,
å lære rett i Kristi tro
og med et villig hjerte!
Dens lys og trøst la hos mig bo
i glede og i smerte.

Wexels.

A møtest med Jesus.

Vi lutherske kristne vil gjerne vera så like dei kristne i Det nye testamente som mogeleg. Det kristenliv som vi finn der, er jo det store førebilete som ein til alle tider skal sjå attende til. For dei stod Jesus sjølv nærest og hadde apostlane mellom seg.

Men no er der unekteleg ein ting der det er ein stor skilnad mellom dei og oss. Det er når det gjeld den heilage nattverden. Den hadde ein heilt annan plass hjå dei fyreste kristne enn hjå oss. Den var verkeleg noko sentralt og avgjerande for dei, flittig og regelmessig brukt av alle. Vi hugsar dei i Jerusalem som braut brødet *kvar dag*. Vi veit at dei kristne seinare i martyrtida gjekk

til altars *kvar* sundag. Det var i sanning noko heilt anna enn no då dei fleste, også av ålvorlege kristne, har rekna to gonger for året for høveleg. Det er ikkje tvil om at sakramentet har for lite rom i dei kristne sitt liv. Vi har grunn til å tenkja over dette, mykje. Vil vi vera Bibel-kristne, har vi mykje å læra nettopp her: Å setja meir pris på den gåva som Herren har gjeve oss i nattverden. Og vi treng sanneleg til å bruka alle dei nådemidlar vi har fått, vi treng det så sårt. Det er ikkje så storarta med vårt kristenliv, vår tru og kjærleik og lydnad, at vi har grunn til å vera vel fornøgde og meina at vi kan greia oss utan å bruka den hjelp som Jesus her ynskjer å gjeva oss. Lat oss tenkja over det *kvar* for oss.

Den sida ved nattverden som vi her vil festa oss ved er dette: Nattverden er eit møte med Jesus. Det som hender i sakramentet er at den kristne møter, kjem saman med sin Herre og Frelsar på ein serleg måte. Når vi ser på det slik, vert det klårt kva den kristne skal gjera når han kjem til altars. Vi skjønar *korleis* vi skal gå til Herrens bord.

Vi kan tenkja oss at du eller eg kunne møta Jesus lekamleg, ljos levande, så vi kunne sjå han og høyra han. At vi kunne koma saman med han slik som dei gjorde i Galilæa for 1900 år sidan. Kva ville du då ha gjort dersom du var ein verkeleg kristen? Ikkje sant, du ville *takka* Jesus, takka han for alt det som han i nåde har gjort for deg. Du ville falla på kne i audiuk takk for hans velgjerningar, for hans frelse, for hans kjærleik. Det var ikkje sagt du kunne seia så mykje med ord. Kanskje det vart berre som ei stamming: Takk, takk for alt, Herre Jesus, kjære Jesus. Men hjarta ditt ville vera fylt av takk, og han ville sjå ditt hjarta. Eller la oss tenkja det på

ein annan måte. Alle truande kristne skal møta Jesus tilslutt, ansikt til ansikt. Vi skal få sjá han som han er, vi skal stå fram for han i det ævelege Ijos, når vi er endeleg frelse og har nått målet. Kva vil du då gjera på den dagen, når du ser Jesus inn i augo og veit at du er nådd fram? Du vil takka han. Du har jo så mykje å takka for. Det er han, han áleine som du skylder alt. Det er hans kjærleik, den ufortente, som har bore deg gjennom livet og døden, fram til stela. Ved det store møte med Jesus vil det vera takk som fyller alle dei frelse sine hjarto. — »O tenk dog hvilken jubellyd, en strom av kjærighet, tenk hvilken takk og pris og fryd og salighet og fred.«

Vi forstår: Dette ville vi gjera om vi møtte Jesus lekamleg her på jorda. Og dette vil vi gjera når vi møter han i himmelen. Vi vil takka han. Men likeins skal det då vera i det heilage sakramente. Det er eit møte med Jesus. Han er der, like verkeleg som hjá disiplane i salen i Jerusalem, like verkeleg som for dei frelse framfor truna. Det er han vi møter, han vi kjem til, han vi tek imot i sakramentet. Kva skal vi då gjera når vi går til altars? Vi skal tenkja på hans velgjerningar og takka han. Alt godt kjem frå han, til lekam og sjel. Syndsforlating, hjelp, styrking, velsigningar, trøyst, von, alt kjem frå hans nåde. Difor skal vi møta han med takk, med eit audmjukt og takksamt hjarta. Det er uttrykt i nattverdbôna: Vi takkar deg, Herre Jesus Kristus, vi velsignar ditt namn, du Guds einborne son, vår freisar. Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden. I denne takk skal vi alle vera med, kvar på sin mate, kvar med sitt å takka for. Vi skal vera med av hjarta. Då møter vi Jesus på den rette måten.

Men det er noko anna vi ville ha gjort om vi som apostlane møtte Jesus her på jorda, og som vi vil gjera når vi kjem til han i den ævelege verda. Vi ville tilbede han, lovprisa han. Vi ville falla på kne og tilbeda. Det er fordi Jesus er Gud. Også eit menneske kan vi takka, men Gud må vi tilbeda. Gud er den Heilage, dvs. den veldige, allmektige, uendelege, ævelege, ufattelege, herlege. Og han er kjærleik: Den nådige, tilgjevande, frelsande, som er komen til oss i sin son, har gjeve seg sjølv for oss, har

ført oss til seg, vil bera oss heim til seg. Ovanfor denne underiuile Gud, denne heilage kjærleik, må mennesket tilbeda, lovprisa. Det høyrer med når vi møter Jesus, møter Gud. Difor er Bibelen, som er forteljinga om menneske som møtte Gud, full av tilbeding og lovsong. Der er Marias lovsong: Mi sjel høglovar Herren, mitt hjarta gleder seg i Gud, min frelsar. — Der er Sakarias's lovsong: Velsigna vere Herren, Israels Gud. Der er Davids salmar. Og der er lovsongen i himmelen for Gud og lambet, slik som Johannes' openberring målar den for oss. Difor skjørnar vi: Når vi møter Jesus i nattverden, skal det vera med tilbeding og lovprisning. Vi skal bøya oss for han, vi skal tenkja på hans makt og kjærleik, vi skal lova hans heilage namn i våre hjarto. Difor har vi præfasjonen, lovprisninga, i nattverden. Vi skal lyfta våre hjarto til Herren. »I sanning verdig og rett, er det at vi alltid og alle stader prisar deg, heilage Herre, allmektige fader, evige Gud.« — Og vi er ikkje áleine i denne lovprisning. Dei uteljande engleherane i himmelen er med. Guds kyrkje i himmelen, alle dei frelse i Paradis, profetar og apostlar og martyrar, alle dei juse og millionar ned gjennom tidenes som høyrde Jesus til, mange som vi sjølve kjende og som døydde i Herren, — dei er med i lovsongen. Og heile Guds kyrkje på jorda, i alle land og i alle folk, dei er med. Alle desse prisar Jesu namn med samrøysta lovsong. Og så er det at vi i denne heilage handling sameinar våre røyster med deira. Og det treddubbelte koret lyd frå himmel og Paradis og jord opp til Gud: Heilag, heilag, heilag! Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. — Tilbeda Jesus, det er det som du skal gjera når du kjem til altars. Det audmjuke tilbedande hjarta, det kan møta Jesus rett i nattverden.

Om vi kunne møta Jesus her på jorda slik som lærersveinane i Jødeland, så var det ein ting til vi sikkert ville gjera. Vi ville be han om hjelp. Vi hugsar alle dei i evangelia som kom til Jesus og kasta seg ned for han og sa: Herre, hjelp meg. Ville ikkje du og ha gjort det? Vi treng Jesu hjelp på så mange vis, du og eg. Når vi får møta Jesus i himmelen, vil vi ikkje be han om

hjelp, for då har vi fått alt som hjarta stundar etter, då kan vi berre takka og tilbeda. Men her på jorda treng vi hjelp. Og difor: Når vi møter Jesus i det heilage sakramente, så vil det vera i bøn om hans hjelp. I skriftemålet er det våre synder vi kjem til Jesus med. Vi skal sanna dei ærleg, vi skal be om tilgjeving. Men også i nattverden kjem vi med bøn om hjelp. Det er uttrykt i nattverdbona. Vi bed at Jesus må sameina oss med seg som græinene med vintreet, læra oss å elska kvarandre som han har elska oss, gjeva oss trøyst og glede, niskunn og fred. Dét er det som vi bed han gjeva oss. At vi må leva heilt og fullt og avgjort saman med han, at vi i sanning må elska vår neste — dette som er så lett å seia og så vanskeleg a praktisera — og at vi må få leva i den trøyst og glede og nåde og fred som Gud kan gjeva. Finst det noko større enn det? I slutningskollekten ved nattverden bed vi at han må styrkja oss i trua, gjera kjærleiken brennande, gjera oss faste i vona. — Det er det same på ein annan måte. Vi treng så sårt Jesu hjelp. Sume treng hjelp serleg på ein måte, andre på ein annan. Alle har sine serlege vanskar og freistingar og stridar. Alt dette skal vi koma til Jesus med også i nattverden i bøn. Eit bedande hjarta møter Jesus rett i nattverden.

I takk, i lovprisning og i bøn skal den kristne møta Jesus i sakramentet. Men dette er jo dei tre slags bøn: takk, lov og bøn om noko. Difor kan vi samla alt under eitt og seia: Korleis skal vi møta Herren på rette måten ved hans bord? Vi skal møta han i bøn. Føre nattverden, under nattverden, etter nattverden: i bøn. Det bedande hjarta kan møta Jesus, det kan koma til Jesus, ta imot hans gåver, ta imot han sjølv.

Gud gjeve kvar og ein av oss som søker til Herrens bord i lydnad mot hans ord, eit hjarta der det bur takk og tilbeding og bøn. Då møter vi Jesus i sakramentet og han gjev seg sjølv til oss. Amen.

R. S.

Aret som gikk.

Året 1940 ble skjebnetungt for Norge. Landet ble trukket inn i krigsoppkjøret mellom de store nasjoner og okkupert av en

fremmed makt. Krigen påførte landet svære materielle skader. Flere av våre byer ligger i grus, og mange bygder ble også hardt hjemsøkt. Hvor mange norske militære og sivile som lot livet på land og sjø under krigen, vet vi ikke. Men et sorgens og lidelsens år har det vært for vårt folk. Dog er folkets livsvilje og arbeidsmot ikke blitt knekket. Næringslivet har vært holdt opp så langt som det var mulig, og gjenreisningsarbeidet har vært tatt opp i den utstrekning som forholdene har tillatt.

Hva de alvorlige begivenheter for øvrig har betydd åndelig og moralsk for vårt folk, er det for tidlig å uttale seg om. Forholdene medfører at kjennskapet til hva som føregår i mennskenes sinn rundt omkring i vårt vidstrakte land, blir mer mangefullt enn før. Men det er vårt håp at de harde tider har fått lære folket bedre enn før at det er ting som betyr mer enn materiell velstand og høy levestandard: at også det daglige brød er en gave som det er grunn til å være takknemlig for, at fedrelandet er mer enn et begrep, og at karakter, samkjensle, nøysomhet og hjelpsomhet er bærende verder i et folks liv.

Om de religiøse virkninger av det som er hendt, kan det heller ikke sies så mye på det nåværende tidspunkt. Det var i allfall i den første tiden etter krigsutbruddet en noe økt søkning til gudstjenester og møter. Men om noen vekkelsesbevegelse i alminnelig forstand av varigere virkning kan en knapt tale. Imidlertid er det mange vitnesbyrd om at sinnene er mottakelige for Guds ord, at det er mange som søker og spør, og at det er lite av åpen motstand. Uten tvil er folkets øyne vendt mot kirken og de kristne som ikke på lenge i vårt land. På den annen side er den sterke opptatthet med dagens spørsmål, bekymringene for det daglige brød og for folkets framtid, og den bitterhet som gror i mange sinn, torner og tistler som lett vokser opp og kveler den gode sæd.

Hos mange kristne merker en et dypere alvor og en sterkere ansvarsbevissthet. Trangen til å komme sammen til oppbyggelse og felles bønn trosser vanskeligheter som mørklegning og rekvirerte forsamlingslokaler og mangefulle kommunikasjoner volder. Mange store møter har måttet avlyses, og

menighets- og organisasjonsarbeidet har til dels måttet omlegges. Samlingene i hjemmene synes å få en renessanse. — Men om det er gledelige trekk i bildet av kristenlivet under de prøver det er blitt satt på, kan det på den annen side ikke nektes at situasjonen har virket sløvende på mange innenfor de kristnes leir.

Både kirken og organisasjonene har søkt så vidt mulig å holde alle kristelige arbeids tiltak i gang tross alle hindringer. Bemerkelsesverdig er det at innsamlingene til menighetsformål, misjons- og indremisjons arbeid stort sett har gitt like gode resultater som i tidligere år, tross økte skatter, stigende priser, til dels synkende inntekter og de mange krav om humanitær hjelp. Det viser at vårt kristenfolk forstår at Guds rikes sak minst av alt i en tid som denne må settes til side for andre interesser.

De alvorlige og kritiske forhold har styrket trangen til enhet blandt de kristne i vårt folk. Betydningen av en samling av alle som lever på den samme trosgrunn, er blitt klar for mange. Et utslag av dette er tilblivelsen av »Kristent samråd«. Under høstens bispe møte kom en rekke menn i ledende stillinger innen kirken og det frivillige kristne arbeidsliv sammen for å drøfte situasjonen. En ble enig om en erklæring, som sterkt understreket at en står sammen på det inspirerte Guds ords og den lutherske bekjennelses grunn, og hvor det ble opplyst at »christent samråd« vil finne sted mellom en krets av menn som representerer forskjellige arbeids grener og leirer innen den norske kirke. — Et offentlig møte ble holdt i Calmeyergatens misjonshus, hvor erklæringen ble opplest og biskop Berggrav, professor Hallesby, Ludvig Hope og biskop Støren talte. Samlingen har også gitt seg utslag ved liknende tiltak andre steder i landet.

Visse kommentarer til denne begivenhet framkalte en ny erklæring fra »samrådet«, hvor det etter sterkt ble framholdt at samlingen hadde funnet sted »på den gamle, kristne grunn, og at det ikke er kommet i stand noe slags kompromiss mellom de »ortodokse« og »liberale«. Likeså pointeres det at »Kristent samråd« ikke er stiftet for å gripe inn i den rett og den frihet de kristelige organisasjoner har, eller prøve å ar-

beide alt sammen til den såkalte *kirkelige* samling. »Kristent samråd« er stiftet »for å hjelpe hverandre i en stor og meget vanskelig tid, for å vekke vårt folk til alvor og omvendelse og å stå sammen som kristne og arbeide sammen i Guds rike.«

Det vil forhåpentlig være blitt klart for alle våkne kristne i vårt land at alle unødvendige indre rivninger må legges til side, og at det gjelder å stå broderlig sammen i den krisetid for folk og kirke som vi nå gjennomlever, og hvis problemer blir mer og mer nærgående.

Reichskommissar uttalte ikke lenge etter overtagelsen av sin stilling at det ikke ville bli lagt noen hindringer i veien for kirkens og de kristelige organisasjoners arbeid, så sant de avholdt seg fra »politiske formuleringer«. Det er heller ikke foretatt noen inngrep i kirkens indre anliggender, bortsett fra at det er blitt krevd en endring i kirkebønnen. Omarbeidelsen av denne ble imidlertid overlatt til rikets biskoper.

Av kirkelige begivenheter for øvrig i årets løp kan nevnes at det er utnevnt to nye biskoper, sokneprest G. Skagestad i Stavanger og domprost W. Krohn-Hansen i Hålogaland bispedømme.

Nye skoleplaner for folkeskolen er blitt gjennomført de fleste steder, vesentlig i overensstemmelse med den nye normalplan. — Timetallet for kristendomsopplæringen er i alminnelighet blitt satt høyere enn det som normalplanen foreslår.

Vi går inn i det nye år i større uvissitet om framtiden enn noensinne. Gud gi at vår kirke under alt som måtte komme må stå fast på sin gamle grunn og få kraft til å verne om og føre videre den dyre arv som den lever på og har ansvar for. Kirken skal tjene folket. Men denne sin tjeneste fullfører den bare ved uten svikt å lyde og forkynde alt Guds ord og stå vakt om sin bekjennelse.

(Luthersk Kirketidende).



Våre døde.

20. des.: Kristi Bentsdtr. Eldevik, kårenke; f. 1864 på Levdalsbakke; alderdom.
20. des.: Peder Kristiansson Maurstad; g. gbr.; f. 1872; magesjukdom.

30. des.: Ane Severinsdtr. Humberstad; kårenkje; f. 1858; alderdom.

5. jan.: Marie Leirgulen, kona til Anton Leirgulen; f. 1850 på Føgleide i Gloppe, alderdom.

**Jesu, dine dype vunder
og din smertefulle død,
trøster mig i alle stunder,
udi livs- og sjælenød.**

Guds øyne.

Tenk på Guds øyne! De er overalt, i hvert hus, ute på marken, i alle rum, i hvert selskap. Om du er alene eller blandt mange mennesker, så er dog Guds øyne alltid festet på deg. Herren ser alle steder både gode og onde. Han ser det som bor i hjertet, likeså vel som gjerningene. Jeg ber deg: Forsøk å minnes dette. Kom ihu at du har med en altseende Gud å gjøre, en Gud som hverken sover eller slumrer, som ser dine tanker og for hvem natten er like lys som dagen. Du kan låse din dør, du kan trekke ned gardinene og lukke vinduet, du kan slukke lyset. Det hjelper ikke, Gud ser deg, Gud er overalt. Du kan som den fortapte sønn gå til et land langt borte og tro at ingen gir akt på din oppførsel, men Guds øyne og øren er der før deg. Du kan bedrage mennesker, lyve for dem og vise deg anderledes i deres nærvær enn i deres fravær, men du kan ikke bedrage Gud. Han kjenner det inderste vesen, han hører hva du sier i dag, han vet hva du tenker på i dette øyeblikk. Vend deg fra alt hjertets dårskap og hold deg til sannheten, til han som selv er veien og sannheten og livet. Fortrøst deg til ham med all din synd og skyld for å få tilgivelse. Og lev så alltid for Guds åsyn som Abraham og Enok som vandret med Herren. Gjør ingenting som du ikke ville at Gud skulle se. Si ingenting som du ikke ville la ham høre. Gå ikke noe sted hvor du ikke ville at han skulle finne deg. Tilbring aldri din tid på en slik måte at du behøver å frykte for Guds spørsmål: Hva gjør du? — Tilslutt råder jeg deg til å lese og tenke over Davids 139. salme. Tenk grundig over dens innhold. La oss bruke vår nådetid og berede oss for evigheten.

Jeg synger sangen om Jesus.
jeg vil synge til himlen jeg når,
og en gang blandt den hvitkledte skare
innfor tronen jeg jublende står.

Ved O. A. L.

Notisar.

Døpte: 22. des. Johan Magine, f. 10. nov. av f. Einar Pedersson Brobakke og k. Olina Mattiasdtr. (f. Nave). — 12. jan., Edny Ida, f. 25. okt. av f. Simon Andreasson Øverland og k. Alma Jonasdtr. (f. Midtbø).

Døypenamn. I 1940 vart døypte 64 born frå Davik. Av dei fekk 39 norske namn: Kåre (3), Olav (3), Ragnvald, Jon (2), Kjell, Sverre (2), Agnar, Trygve, Ragnar, Rolv, Harald (2), Gunnar (2), Einar, Ola (= Olav), Magnus, Arne, Solbjørg, Tordis, Astrid (2), Liv (3), Solveig, Aslaug, Milda, Kjellaug, Randi (= Ragnfrid), Dagfrid, Bjørg, Ragnhild. — 25 fekk framande namn: Peder (dansk, av det bibelske Petros), Rasmus (av gresk Erasmus), Jørgen (dansk, av gresk Georgios), Alfred (engelsk), Mindor (?), Jonas (jødisk), Anders (av gresk Andreas), Paul (av latinsk Paulus), Artur (engelsk), Georg (tysk, av gresk Georgios), Martin (av latinsk Martinus), Rudolf (tysk), Johan (tysk, av det bibelske Johannes), Berit (2; av irsk Brigitta), Anne (3; av bibelsk Anna), Ida (tysk), Johanna (bibelsk), Mari (av bibelsk Maria), Marta (arameisk), Marit (av latinsk Margareta), Sonja (russisk), Else (dansk, av bibelsk Elisabet).

Ektevigde: 22. des. Odd Kjøllesdal og Solveig Hilmarsdtr. Kjøllesdal. — 28. des. Sigvard Hansen, Bergen, og Magnhild Edvardsdtr. Bergesen. — 2. nov. i Vereide Alf Pedersson Midthjell og Jenny Bentsdtr. Kandal, Gloppe.

Ofringar: Davik 21. des. til dei krigsherja distrikt kr. 108.70. Rugsund 26. des. til det same 110.70. Kjøllesdal 1. jan. til det same 68.14. Totland 5. jan. til det same 22.43. Alftot 29. des. til sjømannsmisjonen 36 kr.

Basarar: Isane 1. nov. til Santalmisjonen 87 kr.

Til løn åt prostihjelpepresten kom inn ved innsamling i Berle kr. 50.80.

Alftot sokneråd har valt oppatt til formann og nestformann klokkar Bruland og lærar Førde. — I 1941 skal det vera ofring til heidningmisjonen, sjukerkøktlaget og Menighetsfakultetet.

Kvittering for kontingent, innkome før 1. januar: Gustav Myklebust, Didrik Bortne, Synneve Erviksæter, Lars Torheim 5 kr. — Peder K. Elde, Andreas Egge 2.50. — John Runshaug, J. Muri, Ola Totland, Ole A. Isene 3. — Marie Berge, Oline Mettenes, Petrine Hamnen, Nils K. Hamnen, Martinus Elde, Kristense Vik, Synneve L. Vik, Kristine Myklebust 2 kr. — Tils. 53 kr.

Hjarteleg takk til alle.

For 100 år sidan. Døde: 19. febr. 1841 Simon Knudsen Hundskaar, gårdsman, 83 år. — Vigde: 14. febr. ungkarl og tjenestekarl Rasmus Wiig, son til Ole Pedersen, 24 år, og Christi Møchlebust, 22 år, dtr. til Mons Axelsen.

Gudstenester:

- | | |
|-------------------|----------------------------|
| 1. sund. i fasta, | 2. mars: Alftot. |
| 2. sund. i fasta, | 9. mars: Rugsund og Davik. |

3. sund. i fasta, 16. mars: Kjølsdal.
Midfaste sund., 23. mars: Davik.
Maria bodesk. sund. 30. mars: Rugsund og Totland.

Til medhjelparar i Kjølsdal kapelldistrikt er av stiftsdireksjonen tilsette Knut Horn og Hilmar Kjøllesdal.

Ved ofringar og kollektar i 1940 kom inn: I Davik sokn kr. 229.42, i Rugsund 619.86, i Alfot 253.75.

Omkomne på sjøen. 30. mars 1911: Hans Larsen Endal, f. 1886, og Jørgen Pedersson Kjøllesdal, f. 1886. »Druknet under fiske på Rørvik, Namdalens, idet en bråtsjø fylte båten.» — 14. febr. 1913: Kristofer Gabrielson Honskår, g. gbr., f. 1879; Abraham Andersson Honskår, g. gbr., f. 1870; Samuel Monsson Honskår, g. gbr., f. 1860; Anders Abrahamsson Honskår, ug. fiskar, f. 1894. Omkom ved motorbåten »Signal» forlis under fiske antagelig utenfor Statlandet.» — 18. juni 1914: Mons Samuelsson Honskår, g. fiskar, f. 1884. Falt ved Frekhaug overbord fra motorbåt på hjemreise fra Bergen og druknet.

Kyrkjeleg statistikk for 1940.

	Davik	Rugsund	Alfot	Tils.
Levande fødde	15	31	8	54
Fødde utanfor prestegj.				
Uekte	0	0	0	0
Døpte	14	34	7	55
Konfirmera	9	28	11	48
Vigde i Davik	3	13	2	18
Vigde andre stader				
Jordfesta	13	16	2	31
Altargjester	352	432	93	877

For 50 år sidan. Mellom dei som vart gifte i 1891 var: 9. april Ole og Andrine Frimannslund, 30. april Simon og Marie Ekornbakke, 25. juni Kristen og Pernille Askeland, 24. juni Jakob og Synneve Lilleoen, 5. juli Kristian og Helene Storoen (Daviknes).

Rekneskap for Kyrkjebladet 1940.

Inntekt:

Overført fra rekneskap 1939 kr.	872.45
Bladpengar 1940	» 604.10
Renter i banken 1940	» 18.77
	kr. 1495.32

Utllegg:

Prenting, ekspedisjon og portoutlegg i posten	» 465.69
Overført til rekneskap 1941 Kr.	1029.63

Min hjartelege takk til alle bladet sine venner som også det siste året har gjeve sine gaver og dermed halde det gaande. For mai og juni kom det ikkje noko nummer. I staden vil det i år koma eit par dubbelt-nummer.

Til Gamleheimen er innkome: Fra Maurstad—Rimstad kr. 367.92, Rugsund 250.21, Endal 37.

Dikt av Claus Frimann.

23. Fritjof.

For liden Løn og gode Ord
Vil Manden Fritjof sig paatauge
Til Ørkenør langt i Nord.
For Kongeskattens Skyld at drage;
Af Sognefjord han gaaer da ud,
Til Havs han gaaer — han gaae med Gud!

Men hist i Nord, som vel bekjendt,
Var Troldom nok i fordums Tider.
Nu er det kün saa lidt bevendt
Med al den Gan, som Finnand skyder,
At neppe nok hans bedste Gan
Den mindste Flue følde kan.

Øebyggeren der nord fornam
at Fribjøf var paa Reisen ade;
Thi tænkte han: gid du faae Skam!
Og løser saa sin Ganne-Knude,
Han løser to, han løser tre,
Den tredje hedte: Ak og Ve.

Han løste dem og sagde: faer!
Og hvor I finde ham, jeg moner,
Der vise nu hvad Kraft I har
Og alle tre Jer der forener!
Thi baade Skib og Mand er sterk,
Gaae hen, udretter godt jert Værk!

Hui! sagde de, og floi ailsted,
Og snart fik de sin Mand i Sigte,
Og kasted sig saa voldsomt ned
At de begyndte selv at frygte,
Som ivrig Mand der faer et Brud
Og ei i Laengden holder ud.

Hvad Under da de gav et Knæk
Paa Skibet, da de sammen stødte
Saa dette fik en farlig Læk.
Nu gribet Fritjof Kar og Botte
At holde kænds, at ose ud,
Og alle raabte: Hjelp os Gud!

Men Hjerte sad i Mandens Bryst
Som forte Skibet, saa han talte:
God Sag er altid bedste Trøst;
Arbeider kun — saa han befalte,
Og sang — blandt andet saa han sang:
Det er dog kün en Overgang!

Saa sang han Nat og Mørke bort
Og muntrede sit hele Folge,
Og Kjølen gik som oliesmurt
Og dandsed gjennem hvide Bølge,
Den dandsede, og Fritjof sang:
Det er dog kün en Overgang!

Saa vil jeg og, naar Storm og Nat
Og andre Vanheld mig forspøgle,
Fordrive Malm og Sorrigs Nat,
Og synge gjennem Modgangs Bølge
Det samme som Hr. Fritjof sang:
Det er dog kün en Overgang!

(Anmerkning: Frimann har her tatt sitt emne fra den oldnorske saga om Fridtjov den frøkne. Han skulle til Orkenoyane og kreve skatt og ble på ferden utsatt for et veldig uvær, som var fremkalt ved trolddom. Gaa betyr troldom av den art som særlig finnene var kyndige i).

For 80 år siden.

(Framhald).

Alle disse Træk kunde samles til Et saaledes: almindelig og stor, næsten barnagtig Begjærlighed efter stærke Drikke, en Begjærlighed, som vansklig kan styres, naar Leilighed gives, og naar det efter nedarvet Skik er ligesom tilladt at følge sin Lyst, — men i det daglige Liv en sjeldent Ædruelighed eller snarere fuldstændig Aftoldenhed.

Dette Forhold staar i god Overensstemmelse med andre stærkt fremtrædende Træk i disse Bygders Folkeliv.

I meget stærke Udtryk fremhæves disse Almuers store Sparsomhed og Tarvelighed. Men medens der ellers omkring i Landet hores Klage over, at det mangler paa disse Dyder, saa yttrer en Brevskriver her sin Bekymring for, at Almuen heller gjør for meget af det, »saa altfor Mange, Gud give ikke de fleste, blive Trælle af denne Verden«. Og en Anden yttrer, at som hin Sparsomhed og Tarvelighed viser sig her, før han ikke kalde det Dyder, men kun tilvante gavnlige Egenskaber; han forklarer Forholdet saa: i disse afsidesliggende Bygder har den nedarvede Bygde-Skik mere at betyde end andetsteds, og Bygdens Tænkemaade straffer meget strængt Alt, hvad der har Udsænde af ødselt og overdaadigt Levnet, og sætter Erhvervelse og Bevarelse af Gods og Formue saa overmaade højt, at det ikke tages saa noie med Midlerne; derfor ogsaa en overdreven Agt og Ære for den rige Mand, selv om han er kjendt for Gjerrighed og Karrighed — et Hang til at gjøre andre Mennesker og skabte Ting til sine Afguder. Hermed stemmer ogsaa det Træk, som paa et andet Sted fremhæves, at der oftere mærkes Smiger, Bagtalelse og Avind, og at der oftere er Aarsag til at klage over Mangel paa Uforbeholdenhed og Troskab i Handel og Vandel. Ved Siden heraf anmærkes det vistnok ogsaa, at den kirkelige Orden og ud-

vortes Ærbarhed overholdes strængt i disse Bygder, og at grove Forbrydelser, som give Anledning til Justitsens Forfølgelse, ere sjeldne; men det mest fremtrædende Træk bliver dog hin bestandige Omhu for at samle og spare. Sparsommeligheden gaar intil det Urimelige i det daglige Liv, hvor ikke alene al Luxus, paa Tobak nær, er saa godt som fremmmed*), men hvor navnlig Kostholdet er yderst ringe. Hertil kommer, at »paa saare faa Undtagelser nær ere Alle i høieste Grad urenlige og skidenfærdige med Hensyn til Person, Hus og det hele Stel«. Og alt dette er saa meget mere paafaldende, som der siges at være almindelig jevn og stigende Velstand, hvilket navnlig viser sig deri, at mange Bønder, som før var Leilæddinger, nu ere blevne Eiere af sine Gaarde. Den nævnte Omhu for at samle raader især ved Ægteskabers Stiftelse; meget ofte er det ikke gjensidig Tilbøjelighed og Kjærlighed, som bestemmer de Unges Valg, men Forældrenes Bestemmelse, hvorved Ægteskabs-Forbindelsen mest bliver en Aftale om Arv og Levebrød. Da Børnene i dette Stykket ere saa afhængige af Forældrene, have vistnok saadanne Uskikke som Nattefrieri og Natteløben ikke kunnet udvikle sig synderlig her, og dermed følger ogsaa dette, at denne Egn udmærker sig ved de uægte Fødlers Sjældenhed; men Tinget har ogsaa sin Skyggeside: jo mindre det er Tilfælde, at Ægteskaberne stiftes i gjensidig Kjærlighed, desto mere er det at befrygte, at der vil blive brudt paa den ægteskabelige Troskab, og fra et Prestegjeld omtales ogsaa, at i de 10 Aar 1846—1855 have ikke mindre end 7 gifte Mænd gjort sig skyldige i Hor, de 6 endog med sine egne Tjeneste-Piger. Fra et andet Prestegjeld skrives vel, at dette Onde ikke har viist sig i nogen mærkelig Grad, men at Ægtfolk fast uden Undtagelse leve i Fred og Enighed, mere end man skulde vente — tilføjes der, — naar Hensyn tages til den berørte Maade, hvorpaa Ægteskaber stiftes. Forklaringen hertil bliver vel den, at der ikke tænkes stort paa noget høiere Maal af ægteskabelig Lykke end dette at have et jevnt, dagligt Udkomme; saa var Forældrenes

*) Kaffe bruges yderst sjeldent udenfor de store Høitider og laves selv da ganske tynd, med Sirup istedetfor Sukker.

Tænkemaade, da de giftede Børnene bort,
og hines Tænkemaade er vel gaaet over paa
disse.

Efter alt dette tør jeg maaske tænke mig Grund-Trækket i den nordfjordske Folke-Charakter saa: Almuen udmarker sig ved en stor Forsigtighed i al sin Færd, og denne Forsigtighed viser sig paa den ene Side som overdreven Sparsomhed og betænkelig Nærighed og Havesyge, men paa den anden Side tjener den til at bevare mod Nydelses-Syge, Drukkenskab, Løsagtighed og andre grove Udskeielser. Livet er saa besynderlig jevnt og stiftærdigt her; der gjøres, ser jeg af Beretningerne, ikke gjerne Opoffrelse for Skolevæsenet, og der tænkes vel ikke stort paa Udvikling og Fremskridt; man holder sig til gammel Skik og Vedtægt og finder sig tilfreds med de nedarvede Kaar; det fremhæves ogsaa udtrykkelig i to af de Beretninger, som ligge for mig, at Almuen hænger med stor Kjærlighed til Fødebygden. Men om end dette jevne og stiftærdige Liv ikke just forstyrres af voldsomme Liden-skaber og grove Laster, saa frembyder det heller ikke noget livligt Skue af ophøjet Tænkemaade og fremadstræbende Dyd. Det er en bunden Tilstand, bunden under den nedarvede Skiks Herredømme; her sees saa lidt af Frihed. I andre Bygder, hvor Livet er friere, kan man — for at jeg skal vende tilbage til min Hovedgjenstand — finde saadan Forskjel, at Nogle og maaske Mange formedelst Frihedens Misbrug ere blevne Drankere, men at Andre og Flere ere blevne Herrer over Tilbøjeligheden til Drik; her derimod lader det til, at der er yderst Faa, som ere erklært forfaldne, men man kan ogsaa tvivle om deres Fasthed og Styrke, der gjælde som ædraelige.

Aitenbønn.

Hvis jeg har såret nogen sjel idag,
har misforstått og voldt dem hjertenag,
forlat mig, giv mig av ditt hjertelag,
min frelser kjær!

Og har jeg ofte hørt ditt dyre ord
om all din kjærlighet og nåde stor,
men glemt å trofast følge dine spor,
tilgiv, min Gud!

Hav takk, o Jesus, for ditt dyre blod,
som du for mine synder flyte lot.
Bgi mig i ydmykhet ved korsets fot,
min frelser god!

Lat blodet hvit som sneen rense mig,
og led mig ved din hånd på livets vei,
bind mig med kjærlighetens bånd til dig,
o Jesus Krist!

Hjelp dem å apne dig sin hjertes dør,
som hindret dig og stod imot dig før.
Ved Åndens kraft det nådens under gjør,
o Herre Krist!

O Jesus, drag oss ved din gode ånd,
ja led og før oss ved din allmaks hånd,
så vi må møtes hist i lysets land.
Amen, amen.

M. B.

Soga om Saul fra Tarsus.

(Frå engelsk).

Eg tek Dykk i tankane med til ei tid som ligg langt attende, og ein stad som ligg langt borte. Vi er på det flate taket i ein stor villa med utsyn over byen Tarsus i Kilikia, ikr. år 20 e. Kr. Eigaren av det vakre huset sit i lag med kona og dottera og den unge sonen sin og ser ut over det vide landskap som ligg der i kveldssola.

Guten er omlag 15 år gammal. Der er ein tradisjon om korleis han såg ut: tunn, liten for sin alder, med svart hår, eit bleikt, skarpt andlet og nokre underlege eldhuga og lengtande augo.

Det er ei sers stemning over dette samveret og guten sit og held mor si i handa, for det er siste kvelden hans heime. I morgon skal Saul fara til Jerusalem, til universitetet. Dei ser alle sudetter frå den forstaden der huset ligg, med vakre villabygningar og velstelte hagar på låge åsar. Venner vi oss mot nord, vert landet meir ujamnt og oppkløyvt, til dess åsane ein 3—4 mil borte lyfter seg opp mot Taurus-fjella, som står i ei mektig rad som ein stor halvrund ring av snøtekete berg og fyller heile synsranda på den kanten. Mot sud ser vi under oss ein stor by på ei flat slette med endelause åkervidder mot aust og vest og havet i sud. Gjennom byen renn der ei elv.

(Framh.)